



Nr 1 2015 66. årgang

God påske!

Dine hender er fulle av blomar.
Kven var det du tenkte å gje dei til?
Mine blomar var plukka til Jesus.
Grava fann eg tom. Han var ikkje der.
\\:Halleluja, Halleluja:\\

Vi ser fram til.....

Å vente eller å sjå fram til, høyrer med til det å vere menneske. Mange ventar no på vår i lufta og på påskesol. Det kan gjere godt etter ein lang vinter og dagar med mykje væte. Nokre ser kanskje fram til sommaren? Har vi eit lengre perspektiv?

Som kristne menneske ventar vi, **ja vi ser fram til oppstoda av dei døde og til eit liv i den komande verda.** Slik vert vår felles kristne tru avslutta i vedkjenninga frå Nikea.

Ordet er viktig! Vedkjenninga nyttar ikkje uttrykket vi trur, vi håpar, men vi ser fram til!

Det er eit ord som uttrykkjer lengt etter å få del i Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

Oppstoda er den dominerande budskapet i trua til dei første kristne. Håpet om å få del i livet frå Jesu oppstode vart grunnleggande for deira tillit til framtida.

Håpet om oppstode til nytt liv var frå først av ikkje eit svar på spørsmålet om kva som hender når vi dør. Oppstoda var ikkje venta og ingen har sett oppstoda. Berre Matteus let den hende ved soloppgangen, då kvinnene kjem til grava og dei ser engelen som har velta steinen til sides. Hos dei andre evangelistane har dette allereie hendt. Den døde er borte, grava er tom og kvinnene vert redde og forskrekka. Både dei og læresveinane spring av stad for å sjå kva som har hendt.

Oppstoda er eit mysterium. Korleis skulle vi kunne forestille oss oppstoda? Men møtet med den oppstadne Jesus

Kristus endrar gradvis dei første Kristus-truande si innstilling. Dei såg oppstoda som Guds siger over døden og Jesus Kristus som herre over både levande og døde. Møtet med den tomme grava vart så stekt at dei første kristne braut med bodet om å feire den sjunde dagen heilag. Til og med vekedagane skulle teljast ut frå dagen for oppstoda.

Kanskje høyrer vi vi på ein ny måte orda: **lær oss å telje våre dagar, så vi kan få visdom i hjarta** (Salme 90,12).

Lat oss setje Han først! Livet først! På den første dagen då alt vart til, skilde Gud mørket frå lyset. På veka sin første dag skilde Jesus livet frå døden.

Dette er det påska forkynner: Ikkje berre påskesol frå skyfri himmel, men ein open himmel over våre liv!

Den kristne påskefeiringa har



alltid handla om livet og om framtida. Nøkkelen er oppstoda. Hovudpersonen er Jesus. Han har opna for oss ein veg gjennom døden sitt ukjende mørke. **Ved han ser vi fram til oppstoda frå dei døde og eit liv i den komande verda.**

Reidar Knapstad
Prost i Sunnfj.

Påska i Hyllestad 2015

Påskeveka vil vi som tidlegare år feire hovudsakeleg i Hyllestad kyrkje. Unntaket er gudstene-sta på palmesøndag som blir i Øn kyrkje. Denne påska vil vi igjen ta opp tradisjonen med påskemåltid i Hyllestad kyrkje på skjærtorsdag kveld. Vi dukar til langbord i midtgangen og set vår nattverdsfeiring i samanheng med jødanes påskemåltid.

Oversikta over gudstenestene i Hyllestad vil då sjå slik ut:

Palmesøndag 29. mars. Øn kyrkje kl. 11.00

Palmesøndagen har fått namnet etter at folk ropa Hosianna og vifta med palmegreiner då Jesus rei inn i Jerusalem. Søndagen har dobbel botn.. Den talar både om glede og sorg. Jesus vert hylla som konge samstundes som han rir inn i Jerusalem til kross og død.

Presteskiye i Hyllestad

Ole Agnar Helland sluttar som sokneprest i Hyllestad sokn 14. juni 2015. Etter avtale med Bjørgvin bispedømme går han inn i 40% stilling som prostiprest i Vik i Sogn frå 1. august. Audun Systad, som no er sokneprest i Balestrand sokn, overtek ansvaret som sokneprest i Hyllestad sokn frå 1. august, etter avtale med Bjørgvin bispedømme. Audun Systad flyttar til eigen bustad i Sørbøvåg og får stilling som prostiprest både

i Sunnfjord og i Nordhordland prosti. Størstedelen av arbeidet vil vere knytt til tenesta i Hyllestad sokn, men nokre av arbeidsoppgåvene vert lagt til andre stader i Sunnfjord prosti og i Nordhordland prosti. Bjørgvin bispedømmeråd har i vedtak frå april 2010 gjort vedtak om at ei prestestilling skal flyttast frå Ytre Sogn prosti til område med svak prestedekning i bispedømmet, når det

blir ledig stilling. Med denne avtalen sikrar ein at Hyllestad sokn har sin eigen prest i den næraste framtid. Ved seinare høve kan det komme endringar i prestetenesta i Sunnfjord prosti som følgje av nye kommunegrenser, fylkesgreneser, sokneinndeling og prostigrenser.

Reidar Knapstad - Prosten i Sunnfjord

Endringar i staben på kyrkjekontoret

Diakon, Terje Elvestad, slutta i stillinga som diakon i Ytre Sogn 15.febr. for å byrja i tilsvarende stilling nærare familien. Hyllestad har då, grunna økonomien, valt å seia opp avtalen med Høyanger og Solund om felles diakon i Ytre Sogn frå same dato.

Kyrkjevevje Bjørn Atle Systad byrja som-maren 2014 i ny jobb som dagleg leiar ved Bunnpris i Lavik, og var innvilga eitt års permisjon frå stillinga som kyrkjevevje frå 1.september 2014. Bjørn Atle har no sagt opp med verknad frå 01.01.2015, men vil framleis vera inne som vikar i samband med ferieavvikling. Ein har då gjort nokre tilpassingar

på kontoret for å få dette til å fungere nokolunde. Irene Fløde, kyrkjevevje i Fjaler, har 25% stilling frå 01.01.2015. Ho har då fyrst og fremst ansvar for økonomi og sakshandsaming. Vidare har kyrkjeseekretæren, Aslak Åm Sognnes, hovudansvar for gravplassane, og har då totalt 40%. Vi har då ein mellombels reduksjon, der 10% stilling står vakant. Her freistar ein soleis å få dette til å fungera so godt råd er innanfor dei resursar ein har. Vi er sær s glade for at Irene Fløde har teke på seg dette oppdraget, og ynskjer henne varmt velkomen til godt og konstruktivt samarbeid!

Skjærtorsdag 2. april Hyllestad kyrkje kl. 19.30 Påskemåltid

I år samlar vi oss til påskemåltid i Hyllestad kyrkje. Vi feirar det jødiske påskemåltid samstundes som vi trekkjer linene fram til vårt påskemåltid, nattverden. Nattverden der Kristus er Herre og vert.

Langfredag 3. april Hyllestad kyrkje kl. 11.00

Pasjonsgudsteneste

Vi er komne til den mørke lange dagen. Vi tenner verken lys eller har blomar på altaret.

Den kvite altarduken er bytta ut med svart. Langfredag er liding, menneskeleg svik og ondskap, kross og død. Midt i dette viser Gud sitt inste vesen: Ein kjærleik som går i døden for å for-sone verda med seg.

Påskedag 4. april Hyllestad kyrkje kl. 11.00.

Høgtidsgudsteneste

«Han er oppstaden, ja han er sanneleg oppstaden». Denne helsinga har lydd i kyrkjene på fyrste påskedag til alle tider. Påskedagen er jubelen og sige-ren sin dag. Jesus har stått opp

og alt er blitt nytt. Jesu oppstode er fundamentet og grunnvullen kyrkja står og fell med. «Men har ikkje Kristus stått opp er trua dykkar meningslaus» (1. Kor 15,17) Slik uttrykker Paulus det i oppstodekapitlet, det 15. kapitlet i 1. korintar-brev. Påskedagen er det kvit festfarge i kyrkja. Altaret er pynta med blomar og lys er tende. «Lov ham og pris ham vår Frelser og venn . han som gir synderen livet igjen! Halleluja! Vi skyldfrie er. Halleluja, vår Jesus er her.» (204, Nos 2013)

Velkomen til kyrkje i påska!

Kven skal styre kyrkja vår?

Kyrkjevalet
2015

Den 14. september er det val på nytt sokneråd, og fram til 1. mai kan du påverka kven som skal stå på lista over kandidatar.

Forslag til kandidatar til soknerådet kan meldast til nominasjonskomiteen i Hyllestad sokneråd ved Liv Kristine Solheim innan 15. april 2015. Medlemer av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2015 fyller 18 år kan veljast.

Alternative lister

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomité som skal setje saman ei valliste. Vallista må ha representantar frå alle delar av soknet. Det er i tillegg høve for andre å levere inn eigne kandidatlistar innan fristen 1. mai 2015. Forslag til kandidatlistar skal vere underskrivne av 10 røysteføre medlemer. Kontakt kyrkjekontoret for å få vita krav til kva opplysningar som skal vera med om kvar kandidat. Alle kandidatlistar skal ordnast i prioritert

rekkefølge (ikkje alfabetisk). Kandidatlistar bør om mogeleg ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år.

Når det er tid for å velja, vil alle kandidatar på lista få ei røyst kvar, medan inntil tre av dei kan få to røyster kvar dersom veljaren set kryss framfor namnet til kandidaten. Ein kan òg føye til opptil tre namn. Dersom det er fleire vallister vil det òg vera mogeleg å overføre namn frå ei liste til ei anna.

To val

Kyrkjevalet finn stad 13.-14. september 2015, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på fire leke medlemer av bispedømerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet. Medlemene av bispedømerådet utgjør også Bjørgvin sine medlemer i Kyrkjemøtet, det høgste organet i Den norske kyrkja. Kyrkjevalet vert halde same dag som kommune- og

fylkestingsvalet og i nærleiken av dei offentlege vallokala. Alle røysteføre medlemer av kyrkja vil få tilsendt eit valkort i posten før 10. august. Der vil det stå kvar ein kan røysta.

Kva gjer soknerådet?

Hyllestad sokneråd har ansvar både for soknerådsoppgåver men også for dei oppgåvene som i kommunar med fleire sokn, ligg til fellesrådet. Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien.

Her er nokre eksempel på ansvarsområda til soknerådet:

- Dåpsopplæring, kyrkjemusikk og diakonal teneste (omsorgstenesta i kyrkja)
- Gudstenester og ofringar
- Samarbeid med frivillige og kommunen
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden
- Røystar på tre av dei leke kandidatane til bispedømerådet/Kyrkjemøtet
- Uttalar seg ved tilsetjing av prest, prost og biskop
- Administrasjon og økonomi
- Tilset og har arbeidsgjeveransvar for stillingar som blir løna av soknerådet
- Lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisning
- Drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegarder

Det er 6 leke medlemer i

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

1. Du medverkar til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert ein del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan syta for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan syta for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreefaring som du kan bruka i andre samanhangar
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv.

Kjelde: kyrkja.no/val

Hyllestad sokneråd. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. Soknepresten er fast medlem av rådet. Når rådet handsamer saker som tidlegare vart handsama av kyrkjeleg fellelråd, møter ein representant valt av kommunen.

Soknerådet møtest 2–4 gonger i halvåret. Dei aller fleste som sit i eit sokneråd, opplever at ver- vet ikkje krev mykje av fritida deira. Medlemmene er valde for fire år.

Ei undersøking blant sokne- rådsmedlemmer viser at eit stort fleirtal både trivst og opp-

lever det som meiningsfylt å sitja i soknerådet. 85 prosent av rådsmedlemmene synest ver- vet var meir eller om lag så tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Utdrag frå årsrapport for 2014

Gudstenester

	2011	2012	2013	2014
Gudstenester – totalt i Hyllestad inkl.				
Barne og skulegudst.	52	64	60	53
Gj. Snitt frammøte på gudst.	55	59	51	55
Frammøte totalt	2871	3799	3037	2915

Gudstenesteliv i Hyllestad

*v. Sokneprest Ole Agnar
Helland*

Ser vi på gudstenestelivet samla i Sunnfjord prosti er det ein merkbar nedgang i talet på dåp (- 76 i høve til i fjor). Det er ein liten nedgang i fram- møtte til gudsteneste, også nattverdstalet har ein nedgang. I Hyllestad kan vi summa sum- marum karakterisere 2014 som eit «status quo» år. Ein liten nedgang i talet på frammøtte til gudsteneste, men oppgang når det gjeld gjennomsnittleg frammøte. Slik også når det gjeld nattverd. Færre nattverds- gudstenester har gjeve mindre samla tal på nattverdsdeltaka- rar, men større gjennomsnitt- tal. Konfirmantkull og dåpstal held seg omtrent som i fjor. I det heile så held Hyllestad stand mot synkande tal. Samla tal på frammøtte til gudsteneste held seg på ca. 3000 som det har gjort dei siste åtte åra. Satsing i høve til trusopplæ- ring er nok ei avgjerande år-

sak til gudstenesteframmøte i Hyllestad. I tillegg har vi hatt bra med besøk på ungdoms- gudstenester dei siste åra. Ein trufast flokk møter fram både i Bø og Øn. Men til tross for mindre gudstenestefre- kvens i Bø og Øn kyrkje, så har ikkje dette slått ut i fram- møtte på vanlege gudstenester i Hyllestad. Skal vi følgje inten- sjonen om meir sentralisering av gudstenestelivet i Hyllestad trengs tiltak som for eksempel kyrkjeskyss. I 2014 hadde vi seks kvar- dagsgudstenester. Det har vore gudstenester for eldre, song og salmegudstenester, gudstenes- ter med innslag frå organisa- sjonsliv, barnegudsteneste og gudsteneste med samtale rundt

dagens tekst. Ei Tomasmesse er planlagt i mars. Ein av intensjo- nane bak kvardagsgudstenes- tene var meir deltaking av fri- viljuge. Her kan vi bli flinkare med å involvere og aktivisere andre.

Det mest gledelege når det gjeld gudstenestelivet i Hyllestad er trusopplæring og konfirmantarbeid. Ein stor del av dei aktuelle årsklassane møter fram til trusopplæ- ringssamlingar saman med familie og foreldre/ føresette. Konfirmantarbeidet er prega av positive ungdommar og enga- sjerte leiarar. Noko som pregar gudstenester og gudstenesteliv. Leiarstaben ser også ut til å bli forsterka og utvida.

LIVSRITER

	2011	2012	2013	2014
Dåp	12	11	9	11
Dåp - busette i Hyllestad	10	11	9	10
Konfirmant	19	19	21	20
Vigsel	1	0	1	1
Gravferd	17	22	17	19

Tala syner stabilitet – lite variasjon dei siste fire åra



Trusopplæring

v/trusopplærer Toril Lange

Det er mykje flott og gledeleg som skjer med omsyn til trusopplæringa i Hyllestad. Soknet har godkjent trusopplæringsplan frå desember 2012.

Følgjande tiltak er gjennomført i 2014

- 4-årssamling og hausttakkefest med utdeling av Mi kyrkjebok 4 (7 deltakarar)
- 5-årssamling/kyrkjerot-tesamling: 3 samlingar og diplomutdeling på LysVaken-gudstenesta (5 deltakarar)
- 6-årssamling og familie-gudsteneste med utdeling av Mi kyrkjebok 6 (11 deltakarar)
- Tårnagenthelg m/tårnagent-gudsteneste for 8 åringar (5 deltakarar)
- Bibelutdeling på gudsteneste



og i samband med minikonfirmantsamling (18 biblar utdelt)

- Minikonfirmantar for 10 åringar: Gudsteneste m/ bibelutdeling, 4 samlingar rett etter skuletid i Hyllestad kyrkje, minikonfirmant-weekend på Alværa saman med Solund, Kyrkjebø og Høyanger og avsluttande gudsteneste m/diplomutdeling. (17 deltakarar frå Hyllestad)
- LysVaken for 11 åringar. Overnatting i kyrkja og LysVakengudsteneste neste dag. (12 deltakarar)
- Kvernsteinscamp for 12 åringar i august. Overnatting i parken m/diverse aktivitetar og kvernsteinsgudsteneste. Arrangementet vart avlyst pga få påmeldte. Det var kollisjon med anna arrangement og dårleg vermelding.

Tiltaket kvernsteinscamp er ressurskrevjande



og veravhengig. Ein bør finne eit anna tiltak for 12-åringar.

- Ungdomssamlinga i Bjordal for fjorårskonfirmantar . Ekskonfirmantar i Bjordal stod ansvarleg for opplegget. 8 deltakarar frå Hyllestad

Hyllestad kyrkje er ein god stad å ha samlingar. Born, unge og foreldre trivst godt der og føler seg heime i kyrkja. Multimediaanlegget lettar arbeidet mykje. Kyrkja er god til mange ulike aktivitetar. Her kan vi ete, sove, leike, sjå film, be og ha gudsteneste.

Fleire av tiltaka som skulle starte opp i 2013 og 2014 er sett på vent; først og fremst p.g.a. leiarmangel. I kyrkjelyden er det nokre få eldsjeler med omsyn til trusopplæring – ei stor takk til dei. I tillegg er det mange positive viljuge foreldre som stiller opp på einskildtiltaket når borna deira er med.





Ein del konfirmentar er med som ungdomsleiarar på nokre av trusopplæringsstiltaka. Dei gjer ein flott jobb! Men det meste er avhengig av kyrkjelydspedagog og/eller prest.

Vegen vidare:

For at ein skal starte fleire av tiltaka slik ein har sagt i pla-



nen, er ein avhengig av fleire ulønna medarbeidarar. Tilsette kan legge til rette for tiltak, men andre må gjennomføre det. Fleire må også ha eit eigarforhold til planen – tilsette, sokneråd og kyrkjelyd.

Ein bør også vurdere å invitere fleire årstrinn til same aktiviteten då barnetallet er på veg

nedover – t.d. 7 og 8 åringer til tårnagenthelg annankvart år. Ein bør vurdere å opprette trusopplæringsutval for soknet. Trusopplæring er svært viktig. Det er born og unge som er kyrkja i framtida, men dei er også kyrkja i dag.

Konfirmasjonsundervisning

v/ sokneprest Ole Agnar Helland

I Hyllestad har vi stor oppslutning om konfirmanntida, nærare 100 %. I år er vi 18 konfirmentar av eit årskull på 20. Konfirmentarbeid kan vere utfordrande, men vi som leiarar får også mykje tilbake frå engasjerte og positive ungdommar som gjev uttrykk for at dei trivst i kyrkjerommet i Hyllestad kyrkje. Foreldre og føresette gjev også positive tilbakemeldingar på det konfirmentane bidreg med på gudstener og i andre samanhengar. Vi meiner å ha funne ein god



lest å drive konfirmentarbeid på frå undervisning og gruppearbeid til song, dans og drama. I tillegg kjem heimesamlingar, nattcup og leir på Alværa. Vi

vonar at konfirmentarbeidet får fortsette i det same gode sporet framover. Positivt er det at Lavikkonfirmentane kjem og er med på konfirmasjonsførebuinga i Hyllestad kyrkje. Konfirmentarbeidet blir drive av engasjerte og motiverte leiarar og det er von om at leiarteamet vert ytterlegare forsterka.

I 2014 var alle tre konfirmasjonsgudstenestene i Hyllestad kyrkje.





Samarbeid kyrkje - skule barnehage

v/ sokneprest Ole Agnar Helland

Årleg blir det gjennomført skule- og barnehage-gudstenester i Hyllestad til jul. Barnehagane i Hyllestad er no samla på ein plass i prestefjæra og det er ein stor flokk med barn og tilsette som møter fram. Skulegudstenestene før jul synes å ha blitt tradisjon og det er eit greitt samarbeid mellom skule og kyrkje. Dette året var det Andreas Ester som var prest både i barnehage- og skulegudsteneste grunna soknepresten sin ferie/permisjon.

Anna trusopplæring

5.-8. klasseklubben har samling ca 1 gong i mnd. Klubben er innmeldt i NMSU. I 2014 var det 14 betalende medlemmer.

Kyrkjemusikk

v sekretær Aslak Åm Sognnes
I månadsskiftet nov/desember 2013 vart det kjøpt inn eit flygel til Hyllestad kyrkje. Dette var eit so bra tilbod på eit veldig godt instrument at soknerådet ikkje kunne seia nei. Vi fekk betala det vi kunne ved levering og resten vart i samråd med leverandør sett til 1.april. (Totalt kr 219.000,-). Fram til i dag har det kome inn mange gåver til føremålet og flygelet er no finansiert 100% med gåver og innsamla midlar!

Stor takk til Kulturskulen, Musikkrådet og det generelle musikklivet i Hyllestad, som med sine konsertar har bidrege med store summar. Vidare ei stor takk til alle enkeltpersonar

som har bidrege med større og mindre pengegåver til dette flotte instrumentet!

Særleg vil vi nemna to store gåver frå næringslivet: Havyard: kr.25.000,- . Sparebankstiftinga: kr. 50.000,-

TAKK TIL ALLE som har vore med og gjort dette mogeleg!! Og vi ynskjer musikklivet og kyrkja i Hyllestad tillukka med eit flott konsert- (og bruks-) flygel!!

Dette året har det vore 3 konsertar i Hyllestad kyrkje og ein songandakt/konsert, samt julekonserten i Øn kyrkje.



- 2. mars: Harpekonsert med Natalia Girunyan
- 15. mars: «Flygelfest», der tidlegare og noverande kulturskuleelevar var utøvarar.
- 16.nov.: Gitarkonsert med Griegakademiets gitarkvartett.
- 20 nov.: Songandakt/kon-

sert med Arne Pareli og Trond Johansen

- 13. des.: Den årlege Julekonserten vart i år arrangert i Øn kyrkje.

Diakoni

v/ Prostidiakon Terje Elvestad
I 2014 har mitt arbeid som diakon i Hyllestad omfatta bl.a. desse områda:

- andakter på Eikelund
- sjelesorgsamtaler
- kvardagsgudstenester
- heimebesøk
- medspelar saman med Toril og Ole Agnar i ulike kyrkjelege samanhengar og arrangement
- fast side i kyrkjebladet
- bedriftsbesøk
- deltaking på soknerådsmøter
- lokal diakoniplan
- samarbeid med frivillige

Misjon

Hyllestad sokn har misjonprosjekt i Mali. Ei trusopplæringsgudsteneste kvart år er også ei misjonsgudsteneste.

Institusjon

v/ sokneprest Ole Agnar Helland

Eikelund.

To gonger i månaden er det andakt på Eikelund omsorgsenter. Det er godt frammøte av dei eldre. Særleg på fredagane når andakten er kombinert med kaffi og frammøte av eldre frå bygda elles. Gudstenestene på andredagane i dei store høgtidene er også godt besøkt. Desse gudstenestene med nattverd er verdsett av dei eldre. Det må føyast til at tilbodet med kaffi på fredagar no har falt bort grunna økonomi . Andaktane vert no kl. 11.00 to torsdagar i månaden. Kaffi og den sosiale ramma er no tenkt å bli ivareteken av friviljuge. Det er ivrige sjeler blant dei eldre sjølv. Og ein tanke er å involvere f. eks. pensjonistlag.

Takk til diakonen som har gjort ein stor innsats på Eikelund særleg i samanheng med soknepresten sine permisjonar. Fleire eldre frå Eikelund møter trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje. No er det oppretta 13 eldebustader ved sida av kyrkja. Det må vere naturleg å ha dette i tankane når vi tenkjer kyrkjelydsarbeid i Øn krins.

Kyrkjeblad

v/ AÅS

Kyrkjebladet kjem ut med 4 nr. i året, og er ein viktig informasjonskanal ut til alle innbyggjarane i kommunen. Ein har som mål at ein skal fylla ei heil side med annonser for å kunna finansiera bladet utan at bladpengane vert for høge. Ein ser likevel behov for ein auke i bladpengar for at vi i det heile skal kunna halda fram med 4 nr i fullfarge.

Framtidsutsikter og utfordringar

v/ soknerådsleiar Jostein Ryland

• Pulsen på kyrkja sin aktivitet

I løpet av 2013 vart Ytre Sogn prosti avvikla. For Hyllestad sin del (saman med Høyanger) innebar dette at ein vart innlemma i Sunnfjord prosti. Omlegginga har ikkje medført større endringar for Hyllestad i fyrste omgang, men ein må sjå vidare framover med tanke på å endre mot meir naturlege samarbeidsrelasjonar i Sunnfjord, til erstatning for dei ein tidlegare hadde mot Sogn og Gulen/Solund som no er del av Nord Hordaland prosti. Framleis vil trusopplæringseininga Hyllestad/Høyanger vere innanfor eitt prosti, så dette arbeidet går positivt vidare som før. Når det gjeld stillingssamarbeid om diakoni vil dette frå tidleg 2015 dessverre verte avvikla, då noverande diakon har sagt

opp si stilling, og Hyllestad har pr. dato ikkje økonomi til å fortsette dette stillingssamarbeidet.

Kyrkja sitt utad-

retta arbeid vil framover verte meir og meir

avhengig av ein

frivillig innsats frå ulike personar knytt til kyrkja. Dei faste stillingane i staben er små og arbeidsoppgåvene mange, og for mange til å kunne utførast kun ved eigne tilsette i staben, frivillige må alt i dag ta større og større ansvar for ulike arbeidsoppgåver. Dette har sjølv sagt også ei positiv side i det at fleire personar vert involvert i kyrkja sitt gode arbeid, men det er vanskeleg å oppretthalde den positive drivkrafta i dette arbeidet når der ikkje er økonomi til noko form for kursing, kompetanseutvikling mv. Dette gjeld også for dei tilsette i staben, der medarbeidarutvikling vert klårt hemma av kyrkja sin stramme økonomi. Det let seg ikkje gjere å ha eit utstrakt frivillig arbeid utan at der er eit minimum av basisstillingar igjen i kyrkja sin faste stab. Kor godt dette kan fungere ser ein tydeleg i arbeidet med ungdom via 5-8 klasse klubb og konfirmantundervisninga. Utan tilsett trusopplæringspedagog, og lokalt forankra presteteneste, vil ikkje eit frivillig arbeid her vere



arbeid. Soknerådet ynskjer å ha merksemd på desse sin medarbeiderskap framover, og ein ynskjer å legge til rette for og få økonomi til å utvikle og iverksetje eigne medarbeidarprogram for å rekruttere og utruste fleire medarbeidarar i kyrkja sitt arbeid. Soknerådet ser at dersom ein skal lukkast med arbeidet å få ein meir delaktig kyrkjelyd må arbeidet med å få rekruttert fleire frivillige/ulønna medarbeidarar ha større prioritet, og vere eit klårare satsingsområde.

• Økonomi

Korleis kyrkja i Hyllestad blir finansiert framover er dessverre forbunde med mykje usikkerheit. Dei to siste åra har den kommunale løyvinga til kyrkja vorte til dels dramatisk redusert, vi er for 2014 og budsjettløyving til 2015 nede på 2008 nivå for kyrkja sin del. Det er vanskeleg å sjå korleis soknerådet kan gjennomføre det som dei fleste i dag ser på som normale tenester, knytt til kyrkja sin aktivitet, dersom dette løyvingsnivået vert oppretthalde. Soknerådet i Hyllestad har på mange måtar vore i forkant på ulike områder når det gjeld omstilling og tilpassing av drift og organisasjon lokalt. I dag har vi felles kyrkjevevje med



Fjaler i 25% stilling lokalt, (ved inngangen til 2014 hadde vi 50% stilling som kyrkjeverje) og ei kontorstilling ved kyrkjekontoret som no ivaretek fleire av kyrkjeverja sine tidlegare ansvarsoppgåver. Dette er ein modell som må utviklast vidare og vi trur og at dette blir ein modell for drift av andre mindre sokn/fellesrådsområder liknande med Hyllestad i tida som kjem. Det å skulle rekruttere til små normerte stillingar med den kompetanse som vert kravd for kyrkjeverjestillinga, anser ein til å bli vanskeleg, og difor vil nok større samarbeidseiningar tvinge seg fram.

Ombygginga av Hyllestad kyrkje har hausta mange lovord, også utanfor våre soknegrenser, og i dag er det fleire som har gjennomført liknande prosjekt, eller som er i ferd med å planlegge denne type ombygging/ending.

Det blir difor eit lite paradoks når kyrkja sin økonomi blir så klart innstramma, sjølv etter at ein har synt endringsvilje og teke grep for å sikre best mogleg grunnlag for økonomisk drift i åra som kjem. Det at ein i Hyllestad har ein stor samla bygningsmasse som krev tilsyn og vedlikehald, uavhengig av kor mykje dei enkelte bygga er brukte, er noko soknerådet rår lite over, skal ein gjere endringar i byggstruktur vil dette uunngåeleg ha store kostnader, ein økonomi Hyllestad Sokneråd ikkje rår over pr.d.d.

• Endra gudstenestestruktur

Hyllestad sokneråd er opptekne av å fornye det kyrkjelege livet og bidra til ei auka deltaking frå kyrkjelyden. Ein har difor i 2014 innført ein noko endra gudstenestestruktur, der ein erstattar ei søndagsgudsteneste pr. måned med ei kvardagsgudsteneste på ettermiddags-/kveldstid. Etableringa av desse gudstenestene vil vonleg føre til at fleire får eigarskap til både gudsteneste og kyrkjerom. Vidare vil gudstenester med sterkare deltaking frå kyrkjelyden i utøvinga vere noko ein bør søke å få til på desse kvardagsgudstenestene. Soknerådet har no vedteke ein plan for type og kven som kan vere aktuelle medarrangørar av denne type gudstenester. Denne endringa har to klare hovudmålsettingar; vekst i kyrkjelyden og meir kostnadseffektiv utnytting av kyrkjeleg tilsette.



Tårnagent-helg i Hyllestad

Laurdag 7. og søndag 8. mars var ti åtteåringar samla til tårnagenthelg. Denne helga nytta vi både Øn og Hyllestad kyrkje. Laurdag ettermiddag og kveld var vi i Øn kyrkje, dette fordi her er det tårn som det er lov å gå opp i. Og sjølvsagt var agentane i tårnet. Dei fann ut at kyrkjeklokka var frå 1958, året då noverande Øn kyrkje, vart innvia. Dei fann ut at på kyrkjeklokka var det skreive: «Herren er her og kallar på deg» og at dei 3 x 3 slaga sa: «Kom, kom, kom, du mitt barn, eg elsker deg».

Sjølvsagt var det mykje meir som skjedde. Agentane lærte tårnagentsangen på rekordtid. Dei fann skattar rundt omkring i kyrkja, dei lærde seg samhandling, og viktig var det å lokalisere lydar som kom frå ulike stader i kyrkjerommet. Dei førebudde seg også til søndagens gudsteneste der dei skulle delta med ulike oppgåver. Eit høgdepunkt på laurdagskvelden var tårnagentmåletid med tårnagentsuppe.

Det vart ei travel helg for tårnagentane. For søndags morgon måtte dei stille i Hyllestad kyrkje i god tid for å førebu seg til gudsteneste. Foreldre og familie møtte fram til gudstenesta og fekk oppleve tårnagentar som las tekstar og bønner, framførte drama, song og svarte på spørsmål frå presten. Tårnagentsangen framførte dei på

beste måte med bevegelser og stor innleving.

Takk for flott tårnagenthelg også dette året. Takk til foreldre, englevakter og konfirmantar som var med og hjalp til denne helga.



Det byrjar likna ein tradisjon dette her.....



Takk til Balsam som ogso denne romjula skipa til jule-trefest i Hyllestad kyrkje. for ein flott juletreffest. Måtte dette verta ein fast tradisjon i romjula. Takk og for utlodning som gav kr.2.610,- til diakoni i Hyllestad! Ein god gamaldags korgfest, der alle hadde med litt julekaker og Balsam sytte for saft og kaffi. Folk møtte opp, ikkje fullt so mange som førre året, men stemninga var på topp, julekakene var gode og det såg ut til at alle treivst.



Takk til Annamaria Gabrielli for flott og gripande songinnslag med innbakt svensk omsetjing lesen av Linda undervegs, vel-lukka «konsept»!



Takk til Tanja Kvellestad Akse for flott song, gled oss til å høyra meir frå henne.



Ikkje alltid like enkelt når ein har bokstavar både framme og bak. Her skulle ein fram til by i Italia, noko som førde til at barnelaget hanka inn topp poengsum og vann knipe med eitt poeng føre vaksenlaget. Godt jobba med ein fantastisk sluttsprint!

Barnegudsteneste

I trusopplæringsarbeidet vert det mange samlingar gjennom året for barn. Vi har samling og gudsteneste for 4-åringar. Vi har kyrkjerottesamlingar for femåringar og dei to siste åra har det også vore samling og utdeling av seksårsbok til seks-åringar. 15. januar bad vi alle 4-6 åringar som hadde delteke på samlingar i 2014 til Hyllestad kyrkje. Saman med foreldre og familie hadde vi ei enkel gudsteneste der barna deltok med song og lystenning og anna dei hadde lært gjennom året. Vi avslutta med kveldsmat. Fint å få samle barna på denne måten. Vi trur at ei slik barnegudsteneste vert tradisjon framover og ein del av planen for trusopplæringa i Hyllestad.





Oppstart for minikonfirmantar

Saman med foreldre og familie møtte 8 femteklassingar til gudsteneste i Hyllestad kyrkje søndag 25. januar. Desse åtte blir også årets minikonfirmantar. I løpet av våren skal dei vere med på fire minikonfirmantsamlingar i kyrkja då dei skal bli litt meir kjend i Bibelen dei fekk på gudstenesta. På samlingane i kyrkja skal dei få ein forsmak på det dei skal lære i konfirmasjonstida: Jesus, Bibelen, dåpen, bønne og nattverden. I tillegg til samlingane i Hyllestad kyrkje vert det samling i Solund 24.-26. april. Vi som leiarar har det kjekt saman med aktive, spørjande og lyttande minikonfirmantar. For oss handlar det ikkje berre om å gje, men også å få mykje tilbake. Vi vonar at minikonfirmanttida vert ei fin tid for minikonfirmantane og at vi møter dei igjen som konfirmantar om fire år.

Å verta rein

"Det er så mykje synd i oss," forklara min ven Umar medan han vaska seg for å gå til moskeen å be. "Augo våre ser på ting me ikkje bør sjå på, difor må me vaska dei. Me seier ting me ikkje bør seia, difor må me vaska munnen." Han spytta ut vatnet han hadde nytta til å skylja munnen. "Me tar på ting me ikkje bør ta på, difor må me vaska hendene."

Slik heldt Umar fram med å forklara meg kvifor han måtte vaska ulike delar av kroppen før han kom fram for Gud i bøn. Sidan me hadde vorte godt kjende, kunne eg gjeva ein respons på det han sa: "Også i vår tru er det slik at me må vera reine når me kjem fram for Gud. Men den heilage boka vår viser oss at synda sit så djupt i oss at den ikkje kan vaskast bort berre med vatn. Det må noko sterkare enn vatn til for å ta bort synd." Eg lurte på om eg skulle stansa der, men la til: "Den som kjenner til noko som har større kraft enn vatn til å ta bort synd, han har ein stor løyndom." Umar kikka opp på

meg eit par sekund, før han heldt fram med å vaska seg.

Kort tid før sin død på krossen, då Jesus innstifta nattverden, sa han til læresveinane sine: Dette er mitt blod, paktsblodet, som blir utrend for mange, så syndene vert tilgjevne. (Mt 26,28). I Johannes første brev står det: Dersom vi vandrar i lyset, liksom han er i lyset, då har vi fellesskap med kvarandre, og blodet frå Jesus, hans Son, reinsar oss for all synd. (1 Joh 1,7). Jesus viser oss at det som gjer oss ureine ikkje sit på utsida av kroppen vår, men på innsida. Kanskje kan me seia at det går frå hjarta og ut i blodet vårt. Vatn kan ikkje reinsa blod, det er det berre reint blod som kan. Jesu blod er vår kjelde til reinsing og nytt liv, det som gjer at me fritt kan koma nær Gud.

Då Umar var ferdig med å vaska seg gjekk eg saman med han på vegen til moskeen. "No skal me be om at Gud må tilgje oss," sa han. "Det er ei god



bøn," sa eg, "måtte Gud høyra og signa bønne di." "Takk!" sa han, "me snakkast i morgon!" Umar gjekk så inn i moskeen for å be om nåde og tilgjeving, medan eg gjekk heim og takka Gud for krafta Jesu blod har til å gjera oss reine.


Frode Brügger Sætre
Misjonær for NMS i Mali

Den nye salmeboka er komen til Hyllestad

Alle har venteleg fått med seg at vi har fått ny salmebok, og då tenkjer vi sjølv-sagt etter TV-programmet «Salmeboka minutt for minutt» som gjekk på NRK TV i slutten av november 2014. Her vart 899 salmar sunge av rundt 200 kor i løpet av 60 timar.

No er salmeboka også på plass i dei tre kyrkjene i Hyllestad. 100 stk. salmebøker er kjøpt inn og fordelt i kyrkjene. Bøkene er finansiert av kr 22.981,- frå gamle kyrkjefond knytt til dei tre kyrkjene, samt kr 5.800,- i privat gåve. Dei tre kyrkjefonda, Bø-, Hyllestad- og Øen kyrkjefond, har stått i rekneskapen til kyrkja i Hyllestad så lenge attende som nokon kan hugse. No

fekk soknerådet lov av Bjørgvin bispedøme å nytte midlane til innkjøp av salmebøker. Gamle kyrkjefond er omtala i kyrkjelova og kan berre nyttast etter løyve frå bispedømerådet. Vi er takksame for at vi ved hjelp av desse midlane har kunne få kjøpt inn den nye salmeboka til Hyllestad sokn. Takk også til den private gjevaren som fullfinansierte kjøpet.



Smakebiter frå Norsk Salmebok 2013

Bak i den nye salmeboka ligg Norsk bønnebok. Der finn du både gamle og nye bønner, samt den vesle katekisma og nokre enkle liturgiar som kan brukast i ulike anledningar.

Medan vi leitar

Å Kristus,
medan vi framleis leitar etter deg,
har du alt funne oss.
Same kor fattig vår bøn er,
høyrer du oss betre enn vi
kan tenkja oss eller tru.

*Etter Broder Roger, Taizé, O
Oskar Stein Bjørkykke*

Gjer dyna lett

Eg ber for ein som no ligg sjuk:

gjer dyna lett og puta mjuk,
gjer søvnen god og dagen
kort og lat det vonde snart
gå bort.

Ja Far, å lat min sjuke venn
bli frisk og koma ut igjen.
For alle sjuke bed eg deg:
Å, trøyst dei, du som trøystar
meg.

*Britt G Hallqvist, O Hans
Johan Sagrussen*

Redd for å dø

Kjære Jesus Kristus!
Jeg er redd for å dø
selv om du døde for meg.
Jeg forstår ikke hvorfor du
måtte lide
for at vi skal bli frelst.
Men takk likevel, Jesus,
for påskehemmeligheten.

Paul Leer Salvesen

SOLUTION
JESUS IS THE SOLUTION

«SOLUTION HELG» I HYLLESTAD FREDAG 29. MAI – SUNDAG 31. MAI

Vi får denne helga besøk av ungdomsgruppa SOLUTION frå Askøy.

SOLUTION har tidlegare vore her 2 gonger, men då kun med ein kveldsaktivitet fredag. No kjem dei for å vere i lag med oss heile helga den 29.-31. mai, og det vil bli lagt opp til eit variert program frå fredag kveld til avslutning sundag.

Dette er ein del av årets konfirmantarbeid, og i tillegg ynskjer ein særskilt å invitere andre konfirmantgrupper frå kommunar rundt Hyllestad, og også tidlegare konfirmantkull denne helga.

Men helga er sjølv sagt open for alle, unge som eldre !! Stikkord for helga vil vere song, musikk, andakt, samtalar, Hyllestad kyrkje, kvernsteinsparken, naturopplevingar, andre ulike aktivitetar og koselege måltid i eit godt kristent ungdomsfellesskap.

Vi ber om at du set av denne helga alt no til ei flott oppleving i Hyllestad.

Og vi vil også trenge ein del frivillige som kan vere med å hjelpe til, under ulike arrangement og for å organisere måltid og overnatting.

Vel møtt til alle !

Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Glede og Sorg

Døypte:

Hyllestad:

Rosa Marie Sjølingstad Borlaug
Steffen Gudmundsos Eikelid

Gravlagde:

Øn:

Erling Ragnar Høydal, f. 1936
Helge Torvund f. 1983

Bø:

Ingeborg Oline Systad, f. 1 929

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving

6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no

Årets konfirmantar:

Øn 26.04:

Gard Eiken Flage
Daniel Nordbø
Stein-Tore C. Nybakk
Simon Skivenesvåg
Torstein Porten Øen

Sander Boge Skaar
Kjartan Solheim
Benjamin Wolff

Bø 03.05:

Olav Mjell Hofsvik
Christoffer Mowatt
Mari Dale Salbu
Vegard Støyva

Hyllestad 10.05:

Adrianne Lavik Akse
Gina Marie Bjørnstad
Tone Charlotte S.
Eikelid
Hans Olav Gjerde
Veslemøy Ryland
Karine Strandos

SPAR



Hyllestad

ÅPEN 09-19 (16)



Improving life at sea



Lat oss realisere din bustaddraum!


RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Bygghmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleing og Prosjektleing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Gudstenestelista for Hyllestad

29. mars. palmesøndag	Øn kl. 11:00	
02. april Skjærtorsdag	Hyllestad kl. 19:30	Påskemåltid
03. april Langfredag	Hyllestad kl. 11.00	Pasjonsgudsteneste.
05. april. Påskedag	Hyllestad kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste
06. april 2. påskedag	Eikelund kl. 11.30	Gudst. M. nattverd.
16. april.	Hyllestad kl. 19.30	Kvardagsgudst. Kyrkjelydena lårmøte
19. april 2. s i påsketida	Hyllestad kl. 19.00	Samtalegudst.
26. april 3. s. i påsketida	Øn kl. 11.00	Konfirmasjon.
03. mai 4. s. i. påsketida	Bø kl. 11.00	Konfirmasjon
10. mai 5.s i påsketida	Hyllestad kl. 11.00	konfirmasjon
17. mai grunnlovsdag	Hyllestad kl. 11.00	Festgudst.
24. mai 1.Pinsedag	Hyllestad kl. 11.00	Høgtidsgudst
25. mai 2.Pinsed.	Eikelund kl. 11.30	Gudst m. nattverd
31. mai tr.e. søndag	Bø kl. 11.00	Familiegudst. Avsl. minikonfirm.
07. juni 1. s. i treeiningstida Vi deltek på Alværastevnet		
14. juni. 2.s. i tr.e.	Hyllestad kl.11:00	Avskils-gudsteneste for Ole Agnar



Det skjer på Alværa

Alværastemnet blir søndag 7. juni og starter med gudsteneste kl 11:00 med Ingvald Andersen Frøyen som liturg. Det vert ikkje gudsteneste i Hyllestad sokn denne søndagen så ta turen til Alværa for gudsteneste, søndagsmiddag og sosialt samvær.

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. med
annonser til fylgjande prisar:

Visittkortannonse
4 innrykk pr. år: kr. 2.400,- pr. År
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. År

Dobbel visittkortannonse,
4 innrykk pr. år: kr. 4.400,- pr. År
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr.år



Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti

Kvardagar etter kl 17:00 og på helge- og høgtids-dagar er det alltid ein prest i prostiet med beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente, t.d. ved dødsbod, soknebod for døy-ande eller i andre kritiske situasjonar. Telefonnummer til vakttelefonen er **95483152**

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag og torsdag kl 10.00-13.00

Telefon: 57 78 85 65

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

(sida er under ombygging)

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: **Irene Fløde**

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: **Aslak Åm Sognnes**

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: **Ole Agnar Helland**

E-post: ole.agnar.helland@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 909 20 521

I KYRKJENE:

Organist **Erling Akse** - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar **Gunvor Insteffjord** - Privattelefon: 57 78 88 03

Klokkar **Aslak Åm Sognnes** - Mobiltelefon: 975 83 290

UTADRETТА STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog **Toril Lange**

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar **Jostein Ryland** - Mobiltelefon: 992 81 401


KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Ole Agnar Helland og Aslak Åm Sognnes

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as

Bankkonto: 3705.01.58455



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no